

Ideen om planlegging sidan 1965

Nils Aarsæther

Universitetet i Tromsø

Ja, kor skal vi begynne? Med 1965.

- 1965. Starten for landsomfattande planlegging. Stortinget vedtar Bygningslova med plankrav til alle (ca.) 440 kommunar (ikkje berre bykommunane)
- 1965. Sluttåret for ein epoke basert på den sosialdemokratiske forvaltninga av industriell modernitet. Stortingsvalget gav Høgre – sentrumsfleirtal. Gerhardsen-epoken slutt.

Frå 1965 av – inn i ei brytingstid

- Den industrielle orden - som skapt for (og kanskje av) planlegging. Drabantby og transportårer som byplanuttrykk
- I botn: Big is beautiful. Masseproduksjon gir vekst, vekst gir velferd, velferd sprer muligheter
- Ein human dimensjon: Maskin + fossil energi erstattar slitet. Komfortabelt byliv erstattar trasig bygdeliv.
- Vatn og avløp frå sosialdemokratiet
- Vaskemaskin og kjøleskap frå kapitalen
- Og på toppen var guddomen erstatta av FN

Post-65: Under angrep frå alle kantar

- Skulle ikkje befolkninga gå regelmessig i betongkirka og lovprise moderniteten for alt den hadde skapt?
- Korfor kom den moderne orden under angrep – nærast frå alle kantar?
- Korleis kunne Wam og Vennerød oppleve respons med filmar som pretenderte å framstille tilveret som «det sosialdemokratiske helvetet»?

Det som sprengte den sosialdemokratiske orden (1)

- Angrep innanfrå: BILEN som allemannseige: Symbol på maskulin og regional friheit. Planlegging av bilkjøp viktigare enn planlegging av kollektivtrasear. **Meir veg!**
- Angrep utanfrå: Small is beautiful. Lokalsamfunnsbevegelse, mot EEC og fjernstyring, Autoritetskritikk. Nei til A4.
- Miljø i fokus: Fossile føresetnader for moderniteten avslørt. **Mindre veg!**

Sprengladning nr 2

- Kapitalen vaknar til live, frir seg frå nasjonalstatens og fagbevegelsens lenker
- Aksept frå befolkning/ velgarar (tillti til Thatcher, Reagan, Willoch 1.0)
- Riv grunnen bort frå industrialiseringa i Vest, bygg den opp i fjern Aust
- (noko som vestens ungdom gladeleg gir slipp på, inntil ungdomsarbeidsløysa bit seg fast)
- Spelar på lag med konsumentane sine ønsker om meir, og meir, og meir varer.
- End of history: Sovjet-kommunismens fall
- Den globaliserte økonomien er basert på det fossile.

Ikkje bra for plantenking, dette...

- Ikkje så rart at responsen på Bygningslova forblei laber der ute.
- Dei «luftige» delane av planlegginga (lands, landsdels-, region) kokte rett og slett bort.
- Verre at kommunane gav blaffen i å ferdigstille generalplanarbeidet dei hadde fått ansvar for.
- Plankritikken samla seg i unge utdannings- og forskingsmiljø. Individualisering, ja, men meir andre typar fellesskap enn det «planfunksjonelle»

Ny PBL (1985) men snart Sprengladning (3)

- Medialisering. Politiske valg som sirkus.
- Mobiltelefon – smarttelefon - internettet
- Hypermobiliteten (fossile flyreiser)
- Feminisme
- Multikulturalisme
- Klima-alvoret
- Kapitalens ekspansjon på tjenesteområdet

Planlegginga like fragmentert?

- Er ideane om planlegging omforma?
- Kan dei i det heile omformast frå det rasjonelle som «basic»?
- Det er gjort viktige forsøk på å møte trykket frå sprengladningane.

Fire idear om planlegging 2015.

- Frigjeringsideen
- Den kommunikative ideen
- Den flytande-eksperimentelle ideen
- Den ny-rasjonalistiske ideen

Frigjeringsideen: Friedmann

- Planlegging som lokalt utviklingsaktivitet forankra i lærande og mobiliserande demokratiske fellesskap.
- Friedmann (f. 1926) starta dette arbeidet med Retracking America i 1973, endte opp med Insurgencies i 2011.
- Om utopiar genererte nedanfrå, i dei undertrykte sine draumar om ei betre livsverd
- Kan gjenfinnast i planarbeidet i Bærum kommune – idealismen knytt til Fornebu som bydelsssamfunn

Kommunikativ planlegging

- Inspirert av Jürgen Habermas sin teori om kommunikativ rasjonalitet
- Oversatt til planlegging av Forester («Planning in the Face of Power, The deliberate practitioner»)
- Primært eit profesjonsfokus: Den profesjonelle (helst: den geniale) planleggaren som får løven og lammet til å samarbeide.
- Maktreflektert kommunikasjon kan gjenfinnast i Elin Børud sitt opplegg for prosjekt-iforkantering

Eksperimentell – sosial planlegging

- Eksponering for, og langt på veg aksept av, det kaotiske
- Jean Hillier / Torill Nyseth om «fluid planning»
- Estetisk-kulturell involvering i prekært samspel med det anti-elitistiske gatenivået
- Fanga i ideen om bygata like før forfallet set inn...
- Prøvd ut, litt i Byutviklingens År (Tromsø) og Svartlamoen / Nyhavna-prosessen i Trondheim

Neo-rasjonalismen, til slutt

- Forestillinga om ein levande offentlighet,
- (ein fortsatt norsk eksepsjonalisme)
- Eit lokaldemokrati som på vegner av velgarane...
- Produserer visjonar og folkevalde som tør å prioriterie
- Informert av reflektert, miljøkompetent planpersonale og
- Der innbyggjarane henger med
- Altså PBL 2008, - om den virkar.

Litt litteratur – fire nyare bøker

- Friedmann, J.(2011): *Insurgencies: Essays in Planning Theory*. London: Routledge.
- Kleven, T. (2011): *Fra gjenreisning til samfunnsplanlegging*. Trondheim:Tapir Akademisk forlag.
- Aarsæther, N. m.fl. red.(2012): *Utfordringer for norsk planlegging*.Oslo: Cappelen-Damm
- Ringholm, T. m.fl. red. (2013): *Innovative kommuner*. Oslo: Cappelen-Damm.